2015

ÅRSMELDING

SOGN OG FJORDANE
BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Innhald

2015
ÅRSMELDING

SIDE 3	VELKOMMEN TIL SAMLING
SIDE 5	STYRET OG TILLITSVALDE 2015
SIDE 6-7	REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2014
SIDE 8	FYLKESSTYRET SITT ARBEID I 2015
SIDE 10	REKNESKAP
SIDE 12-15	REFERAT FRÅ LANDSMØTET 2015
SIDE 16-19	I MEDIA
SIDE 20	FYLKESSEKRETÆREN HAR ORDET

Omslagsfoto: Grimsbø i Jølster med fjellet Hallgjerda i bakgrunnen.
Foto: Torbjørg Grimsbø Eskeland

Velkommen til Fylkesårsmøte

Thon Hotel Førde 12.-13. mars 2016

PROGRAM

Laurdag 12. mars
11.00 Innsjekking på hotellet
12.00 Lunsj
13.00 Opning og helsingar
13.30 Aksjon Ny landbrukspolitikk
Merete Furuberg, leiar i
Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
14.15 Debatt.
15.00 Viktige og aktuelle saker for landbruket denne våren.
Arne Lofthus, politisk nestleiar
i Norsk Bonde- og Småbrukarlag
15.30 Kaffipause
16.00 Debatt
16.30 Gruppearbeid om Aksjon ny landbrukspolitikk
18.00 Møteslutt.
19.00 Felles avreise til middag på Åmot Operagard

Søndag 15. mars
09.00 Felles samling
Presentasjon av gruppearbeida - Uttalar -
Lokallaga har ordet
10.30 Laga går kvar for seg: Årsmøteavvikling
12.30 Lunch

SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

HORDALAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Styret og tillitsvalde i 2015

LEIAR: Magnar Juklestad, 6843 Skei/413 94 950
NESTLEIAR: Torbjørg Grimsbø Eskeland, 6847 Vassenden/974 77 214
STYREMEDLEM: Atle Løvland, 6823 Sandane/472 44 135
STYREMEDLEM: Per-Arild Frøyen, 6729 Kalvåg/480 44 844
STYREMEDLEM: Jarle Martin Håland, 5962 Bjordal/478 59 475
1. vara: Eli Berge Ness, 6978 Viksdalen/958 66 050
2. vara: Marianne Holme, 5745 Aurland/905 12 978

EID BS: Hallgeir Askeland, 6777 Stårheim, Askeland72@hotmail.com/976 21 992
FØRDE BS: Ole Johan Aasen, Åsane, 6819 Førde, Oj.aasen@online.no/57 72 02 44/959 43 337
GAULAR BS: Marit Eldal, Eldal, 6978 Viksdalen, hennskil@frisurf.no/57 71 76 03/951 18 394
GLOPPEN BS: Ester Løvland, Kandal, 6823 Sandane, ester@gloppen.net/57 86 75 23/454 72 380
HYLLESTAD BS: Brit Inger Skaar, Skor, 6953 Leirvik i Sogn, Bi-skaar@online.no/909 90 437
HØYANGER BS: Jarle Martin Haaland, Østerbø, 5962 Bjordal, Jarle.haland@enivest.net/57 71 05 37/ 478 59 475
JØLSTER BS: Egil Juklestad, Gjesda,l 6847 Vassenden, egil.juklestad@hotmail.com/57 72 73 91/ 976 18 445
LUSTER BS: Kjell Edvin Vedvik, 6823 Marifjøra, 991 00 603
NAUSTDAL BS: Johnny Følling, Slettemark, 6817 Naustdal, bm-slett@online.no/57 81 81 64/909 28 279
SELJE/VÅGSØY BS: Bjørn Helgesen, Berstad, 6740 Selje, helgesenbjorn@gmail.com/57 85 62 11/ 480 44 844
SOGNDAL OG LEIKANGER BS: Olav Nesse, Gurvin, 6856 Sogndal, olane@online.no/977 72 828
STRYN BS: Ingolv Folven, Folven, 6798 Hjelledalen, If-juen@hotmail.com/57 87 52 21/481 31 838
AURLAND BS: Per Thunshelle, Berekvam, 5743 Flåm, 415 30 747
BREMANGER BS: Vilfred Gangsø, Elgvegen 15 B, 3560 Hemsedal, vg@vestsolution.no/906 22 757
FLORA BS: Karsten F Sunde, Askrova, 6919 Tansøy, 57 74 51 31
HORNINDAL BS: Karl Johan Røyrhus Espe, Røyrhus, 6218 Hellesylt, karjroey@online.no/702 64 042/974 22 739
VIK BS: Nils Vange, Vange, 6893 Vik i Sogn, 57 69 53 32

Ring oss på **03100** så hjelper vi deg

Det skal ikke skje ulykker på min gård!

Skadeforebyggende tiltak er viktig! Fortsatt har vi svært mange branner i driftsbygninger i landbruket i Norge. 2014 ble dessverre også et brannår.

70 % av brannene skyldes feil på elektrisk anlegg eller feil ved bruken av elektrisk utstyr.

Sørg for at det elektriske anlegget på gården din er i orden. Sørg for å ha avtale om el- kontroll med termografering – da får du betydelig rabatt på forsikringene også.

Gjensidige

A13_0049/02.2015

Referat frå årsmøtet 2014

Årsmøte Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag 2014 – 15. mars 2015 Park Hotel Vossevangen

Opning ved Magnar Juklestad - leiar.

Minneord og 1 min stillheit for Hans Støyva.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar: Olav Nesse
   Skrivar: Marit Milde
3. Årsmelding.
4. Rekneskap
5. Arbeidsplan
6. val

Kommentarar til årsmeldinga:
Johnny Følling: Årsmelding må utsendast før årsmøtet.
Jarle Martin Håland: Vedrørande styret sitt arbeid. Haustmøtet som blei arrangert i lag med Hyllestad, Høyanger og Gaular. Det var Jarle M. Håland som hadde hatt mesteparten av arbeidet med dette.
Magnar Juklestad - Sovande lag
Flora - Bremanger samanslått til eitt nytt lag. Dei skal halde årsmøte før påske 2015. Stryn skal gjere eit nytt forsøk i lag med Hornindal. Skal halde årsmøte i desember 2015.
Håkon Osland: Sovande lag er avhengig av ein god leiar. Ofte blir ein tvinga til å ta verv, inga god løysing og fører til inaktivitet i laga. Årsmeldinga er eit "bevis" på at eit lag er aktivt.
Atle Løvland: Stor respekt for leiar M. Juklestad sitt arbeid. Det var 17 deltakarar på årsmøtet, dersom alle gjer ein innsats for NBS er det veldig bra. Dersom det blir mindre er det ikkje liv laga.

Magnar Juklestad: Medlemstalet stabilt. 2 lag er oppe og går igjen, to til er kanskje på trappene. Lovendringa som skjedde på forrige landsmøte der ein kan vere direkte innmeld gjer til at kontingenten går sentralt og ikkje lokalt.
Olav Nesse: Medlemstalet halvert sidan 80-talet. Mykje pga bruksnedlegging.
Johnny Følling: men også pga oppryddding i medlemsmassen og ubetalte kontingentar.
Årsmelding godteken etter denne diskusjonen.

4. Rekneskap
Budsjettet er ikkje laga. Dette må setjast opp på neste styremøte. Balanse overskot 40.000.
Rekneskap revidert og godkjend.

5. Arbeidsplan.
Følling: Dersom ein skal delta på aksjonar må dette planleggast no, ikkje veka før. Ein må også snakke NSB opp, ikkje ned. Det skal vere minst 4 styremøte i løpet av året. Det første blir 28. mars i Førdehuset.

Vekkje "sovande" lag: Håkon Osland: Det kan også vere andre medlemar, t.d. har ein Hydrotilsette og ein prost i Høyanger sitt lag.
Magnar Juklestad har hatt m.a. hatt kontakt med SV ved Nøringset vedrørande Sogn Jord- og Hagebruksskule og teke opp skulen sin situasjon.
Det ser ut som om skulen sin situasjon er betra pr i dag.
Arbeidsplan vedteken.

6. Val
Leiar: Magnar Juklestad,
Jølster - ja til attval
Nestleiar: Olav Nesse,
Sogndal - sagt frå seg verv
Styremedlem: Torbjørg Eskeland,
Jølster - ikkje på val
Styremedlem: Jarle Martin Håland,
Høyanger - ja til attval
Styremedlem: Per Arild Frøyen,
Bremanger - ikkje på val
Ny nestleiar: Torbjørg Grimsbø Eskeland,
Jølster
Vara: Joar Oppedal, Høyanger
1. vara: Eli Berge Ness, Gaular
2. vara: Marianne Holme, Aurland
3. vara: Margaret Skåre, Stryn

Valnemd:
Leiar: Johannes Kjøsnes, Jølster
Nestleiar: Ester Løvland, Gloppen
Vara: Arne Sølvberg, Stryn
Nils Vange, Vik - ut
Ny: Olaf Nesse, Sogndal - inn
Vara: Joar Oppedal, Høyanger
Funksjonen er 3-årig.

Årsmøtet avslutta.

Førde, 17.03.15

Johnny Følling
- sign -

Martin Braanaas Kleppe
- sign -

Vidare diskusjon om uttale framlagt av Egil Juklestad:

UTTALE
2015 er det internasjonale året for vern av matjord. Det må då vere galskap å bygge ned Brulandsvellene i Førde kommune, som er den beste matjorda i fylket. Folketalet aukar og sjølvforsyninga går ned.

Ein blei einige om at fylkessekretæren skal oversende denne uttalen til Førde kommune, Fylkeslandbrukskontoret, pressa og NRK.

GARDSUTSALET PÅ MO
Egg
Julestjerner
Sommarblomar
Stauder
Grønsakplanter
Grønsaker og poteter

moy
vidaregåande skule

OPNINGSTIDER:
Måndag til onsdag 12.00 – 16.00
Fredag: 12.00 – 16.30

Årsmelding 2015

Fylkesstyret sitt arbeid i 2015

I perioden har styre vore sett saman slik:

Leiar: Magnar Juklestad,
Nestleiar: Torbjørg Grimsbø Eskeland,
Styremedlem: Atle Løvland,
Styremedlem: Per-Arild Frøyen,
Styremedlem: Jarle Martin Håland,
1. vara: Eli Berge Ness,
2. vara: Marianne Holme,

Det har vorte halde 3 styremøte og 2 arbeidsutvalsmøter.

Styret har representert i ulike fora på fylkesnivå.

Jarle Martin Håland har representert for styret i årsmøtet i Nei Til EU i Sogn & Fjordane og Storfeprosjektet.

Torbjørg Grimsbø Eskeland og **Magnar Juklestad** har møtt på fylkeslandbruksavdelinga og representert i BU-gruppa sitt arbeid.

Magnar Juklestad har representert i Sogn og Fjordane Fylkeslandbruksselskap og Landbruksrådet for Hordaland og Sogn og Fjordane.

Ingolf Folven frå Stryn BSL har møtt for fylkeslaget på møte hjå Beitegruppa.

Sogn & Fjordane Bonde- og Småbrukarlag har eiga **facebook-side** og prøver å halde den oppdatert med aktuell informasjon om laget og kva som rører seg i næringa.

Marit Milde byrja for fullt i 20% stilling som sekretær for fylkeslaget i mars 2015 og har møtt fast på styremøta. Ho har nytta tida godt og gjort seg kjend med laget og oppgåvene me har.

Leiar og sekretær har delteke i telefon-, representantskaps- og fylkesleiarmøte så langt ein har hatt høve til det.

Fylkeslaget og lokallaga har fått fleire nye medlem i året som har gått. Dette er gledeleg! Truleg får laget fleire nye i året som kjem. Styret, sekretær og gode folk lokalt har sørga for denne auken. Og sjølvsagt NBS sin landbrukspolitikk!

Rekneskap

Inntekter	
Medlemspengar	60823
Tilskot/støtte	39958
Andre inntekter	0
Renter	79
Sum inntekter	100860

Utgifter	
Skatt/Arbeidsgiveravgift	6770
Løn	46112
Møteverksemd	12544
Kurs/representasjon	8776
Kontor, Porto, telefon m.m.	47719
Sum utgifter	121921

Resultat	**-21061**

Eigendelar	
Lagskonto	55586
Skattetrekkskonto	705
Sum omløpsmidler	56291

Gjeld og eigenkapital	
Resultat	-21061
Ny eigenkapital	35230
Sum Gjeld og EK	56291

Landsmøtet 2015 - Gardermoen

– Det er no det gjeld!

Dette sa leiaren i NBS under opningstalen. Ho understreka at NBS aldri vil gi legitimitet til dagens regjering, med det meinte ho at landbrukspolitikken er både gammaldags og utrangert.

Gledeleg er det at organisasjonen for tredje år på rad har hatt ein auke i tal medlemmer, noko som inspirerer til å auke innsats og spissing av eigen politikk i det neste arbeidsåret.

Vidare peika ho på at 64 prosent av dagens landareal er yngleplass for anten ulv, bjørn, gaupe eller jerv.

Elles la ho vekt på det grøne skiftet, og sjølvforsyningsgraden.

Småbrukarlaget skal vere ei motvekt mot politikken som prøver å dra Norge i retning av stadig meir importert mat. Sikker matforsyning og beredskap må vere eit sentralt tema i arbeidet med ein ny politikk og forbetring av verkemidla. Norsk jordbruk går lengre og lengre bort frå måla som Stortinget har vedtatt.

Furuberg viste til at stadig mindre jord er i bruk, forverra rovviltsituasjon, meir import av fôrråvarer og til ein sjølvforsyningsgrad på under 40 prosent.

LANDSMØTET SOM i år var lagt til Gardermoen, møtte det om lag 200 bønder og småbrukarar.

132 av dei frammøtte hadde stemmerett.

Før landsmøtedebatten var det gode og informative innlegg frå innleigde foredragshaldarar:

ARNE BARDALEN, som er styreleiar i Utviklinsfondet tok føre seg «Befolkningsutvikling, matproduksjon og ressursar. Nasjonale og internasjonale utviklingstrekk».

HELENE BANK, Rådgivar i aksjon frå velferdsstaten hadde eit innlegg om «Mulige konsekvensar av ulike framtidige handelsavtalar». Det vere seg EØS, WTO, TTIP, TISA og BITs.

UNGDOMMAR FRÅ Brasil og Columbia hadde ein helsingstale. Dei representerte organisasjonen La Via Campesina, som er ein internasjonal sammenslutning av nasjonale organisasjonar for små og mellomstore bønder, landarbeidarar og urbefolkning i Asia, Amerika og Europa. Dei jobbar også for å betre vilkåra for småskalajordbruket verda over. Organisasjonen er særlig opptatt av spørsmål omkring jordreform, matvaretryggleik, kredittordningar og gjeldsproblematikk, matvarehandel, genressursar, biologisk mangfald, samt kvinners stilling i landbruket. NBS er medlem av denne organisasjonen.

Statssekretær **HANNE MAREN BLÅFJELLDAL** frå landbruks- og matdepartementet «Viktige saker til Stortinget. Hva er vedtatt og hva vil bli foreslått».

I landsmøtedebatten var det mange innlegg frå talarstolen.

Nokre var direkte svar på statssekretæren Hanne Maren Blåfjelldal frå landbruksdepartementet, som meinte at alle pilene gjekk i rett retning. Det var etterspørsel etter mjølkekvotar, og at med årets landbruksoppgjer var det atter optimisme og spore. Dette førte sjølvsagt til krasse innlegg frå talarstolen.

Svært mange av innlegga gjekk også på problematikken rundt båsfjøs/lausdriftsfjøs og på rovdyr.

FRÅ HØYANGER BS var Jarle Martin Håland på talarstolen og snakka om at bonden skal ha eit godt liv. Han peika på at i

etterkrigstida og fram til no har det vore stadig større krav til effektivitet, produksjon, kvalitet osv. Han viser også til at trass i færre bønder har ikkje ulykkesfrekvensen gått ned. Kanskje kunne ein bondelov vere ein ide. Den måtte slå fast bondens rett til god inntekt. Rett til ferie og fritid. Rett til trygg arbeidsplass. Og rett til ikkje å bli hetsa som jævla bonde.

Laurdag hadde Helene Bank innlegg om dei farlege forkortingane og «Mulige konsekvensar av ulike framtidige handelsavtalar».

Litt underhaldning og premie til laget/medlemmen som hadde verva mest.

Kari Bay Haugen utnemnt til æresmedlem i NBS. Prisen fekk ho for sin einestående måte å skildre den norske bonden og småbrukarens kvardag og virke i Landbrukshalvtimen og Naturens verden på NRK radio. I tillegg har ho stilt seg til disposisjon for organisasjonen med hjelp på ulike måtar.

UTDELING AV NORSK MAT- OG KULTURPRIS. Årets prisvinnarar er Kjersti og Per Idar Vingebakken, Skreia Østre-Toten. Prisen er på kr 100.000,-. Bak prisen står Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Yara.

Dagen i møtesalen gjekk med til ein gjennomgang og presentasjon av innkomne forslag.

LANDSMØTEMIDDAGEN FEKK vi eit nytt møte med årets prisvinnarar. Dei stod nemleg for for- og hovudrett, som var elg. Forretten var salta og (litt) tørka hjarte, servert med molte, tytebær og litt grønt.

Hovudretten var langstrekt mørbrad, servert på pastinakkpuré og små poteter på sida.

Nokre av medlemmene i NBS stod for desserten, som var ost. Vi fekk servert to typar gauda, geitost, kvitmuggost og ein brunost med karamell.

Landsmøtet – søndag

Møtet starta med gjennomgang av årsmeldinga. Den vart godkjent.

Etterpå følgde to presentasjonar.

GRØNT SPA'TAK, ved koordinator henriette Stoltenberg.
SLIPP OSS TIL, ved prosjektleiar Gaute Eiterjord.

SÅ VAR DET TID FOR VAL. Litt debatt var det når det kom til vara for styret.

Men resultatet vart som valkomiteen hadde innstilt.

ETTER EIN KAFFIPAUSE vart det gjennomgang og handsaming av innkomne forslag.

Der gjekk landsmøtet gjennom alle forslag. Nokre vekte debatt og teljekorpset måtte trø til ved fleire høve, medan andre var godt gjennomarbeidd og vart vedteke. Dvs. at forslaga vart vedteke i tilråding, som for dei fleste var, å sende dei til styret for vidare handsaming.

Fylkesleiar Magnar Juklestad var på talarstolen under eitt av dei innlegga som vekte mest debatt. Nemleg, båsfjøs/lausdriftsfjøs.

Før landsmøtet var ferdig fekk vi to presentasjonar til:

LOKALMAT.NO VED Kay Jørgen Nielsen, Matmerk.

FKT-PROSJEKTET VED prosjektleiar Per Fossheim.

Førde 11. november 2015.
Gunnar-Arne Haaland
Utsending Førde BS

TINE

Kvifor skal eg vere eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for høgast mogleg mjølkepris.
- Trygg og føreseieleg avsetnad av mjølka.
- Tilgang til verdifull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverknad vidare i verdikjeda.

Saman skapar vi ekte matopplevingar folk vil ha!

Media

Jarlsbergosten som eksportvare

debatt

MAGNAR JUKLESTAD
Sogn og Fjordane Norges bonde- og småbrukarlag

I FIRDA 16.12 hadde Anders Felde ei utfråsing mot undertøyna frå EU og var positiv til å fjerne denne eksporten i ei intervju i Firda for litt sidan.

FOR NYE lesarar så vil eg med ein gong presisere kva ståsteg eksportstøtta vi no skal fjerne. Jau, det er tilskot staten gjev mjølkebonden. For kvar liter han leverer må eksporten så ha 25 øre liter i trekk for bonden slik anna overproduksjon kræv av andre, det vere seg svinekjøtbonden elle sauekjøtbonden. Det svarar til to jordbrukspoppar på nivå med det vi hadde i år.

Mitt innlegg var ei «hurra-rops», skriv Anders Felde, og at medlemmane i småbrukarlaget vil få merke dette på kroppen er ein debattteknikk vi ikkje treng ha mellom organisasjonane.

OM WTO: Felde meiner vinst at ein i WTO sit med kort og forhandlar med einsklikkland og om ynse varen. Det at marknaden no går fåre seg i Nairobi skal ikkje ta opp motvanet i det heile, vil gje Felde god tid til å finne ut av korleis vi skal fremje slike saker. Mot USA har vi nokre eple som det dumpa her å ta opp. Dette gjorde stor skade og tusenvis av eplehagar måtte ryddast. Kompensasjonen blir trekt fram som krav retta mot staten. Eg reknar med at det vil dreia seg om at tilskota skal bli verande hos bonden og i så fall så er det greitt og heilt soleklart rettkomme.

SÅ MÅ ein i tillegg spørje Tine om det er råd å ta litt omstilling der i gjerdet også sidan dette blir kravd av bonden heile tida. Enkelte av bønder har til og med omstilt seg til å produsere ost. I tråd med det nå vel Tine kunne produsere ein annan ost som kan konkurrere ut dei vi importerer og i «ruhm et like stort som det vi sender over dammen til USA.

NO TIL jul ville det ellers have godt å sende ei julehelsing til søsterorganisasjonen der og vende den om saka til glede for mjølkeprodusentane der borte. For oss i Norges bonde- og småbrukarlag er nettopp det ei stort poeng, så de får helse frå oss-og. Vi har ellers ein annan organisasjon som vi har kontakt med, Via Campesina.

STORT MARKED: *- Tine må snart kunne produsere ei anna ost som kan konkurrere ut dei vi importerer, meiner artikkelfø futuren.*
ARKIVFOTO: ARB

Faksimile frå Firda 2 desember 2015

> «Kompensasjonen blir trekt fram som krav retta mot staten. Eg reknar med at det vil dreia seg om at tilskota skal bli verande hos bonden og i så fall så er det greitt og heilt soleklart rettkomme.»

Magnar Juklestad i lesarbrev i Firda

BREIFLABBEN

Jarlsberg

Jarlsberg blir sendt ut i den store verda
men får med seg mykje støtte på ferda
No skal støtta takast bort
og dermed kan det bli slutt på eksport
For dumping er dumping, også når vi
driv med den slags via ysteri

FIRDA | Torsdag 10. desember 2015 | NYHEITER | 7

Bondeleiar glad for at eksportstøtta til Jarlsbergost blir fjerna

– Det er på høg tid

JØLSTER: Fylkesleiaren i bonde- og småbrukarlaget meiner bonden vil tene på at eksportstøtta til Jarlsbergost blir fjerna.

SVEIN HEGGHEIM
svein.heggheim@firda.no
911 49 819

BØR BORT: *Fylkesleiar i bonde og småbrukarlaget, Magnar Juklestad, er ikkje samd med bondelaget, og meiner bonden vil tene på at eksportstøtta til Jarlsbergost blir fjerna.*
ARKIVFOTO: BENT ARE IVERSEN

- Denne støtta har blitt framstilt som eit ekstra tilskot til mjølkebonden. Men det er bonden sjølv som har betalt prisen, seier Magnar Juklestad.

Han registrerer at nokre opplever det som ein katastrofe for landbruket når denne støtta blir fjerna om fire år, men er på langt nær samd.

- Får betre betalt

- Vi får eit trekk på kvar liter til denne eksportstøtta. Og det som er sant er at bonden vil få betre betalt for mjølka han leverer når ordninga blir fjerna.

- *Kva er det bondelaget ikkje har forstått når dei fryktar dramatiske konsekvensar?*

- Dei må snakke mot betre vitande, og det er lett å skape ei stemning om at dette blir frykteleg vanskeleg. Men eg opplever det som dårleg gjort når bondelaget reknar ut kor mange buskapar som må ut og kor mange dekar som blir liggande brakk viss dette blir gjennomført. Det blir heilt feil i ein situasjon der vi må opptre ærleg.

SAKA

- Eit klart fleirtal på Stortinget vil fjerne eksportstøtta til Jarlsbergost i 2019. Den produksjonen utgjer totatl 130 millionar liter mjølk. Bondelaget meiner situasjonen er dramatisk, og krev lenger overganspeirode.

- Reduser kraftforet

Juklestad meiner norske bønder har hatt eit konstant tap over mange år, og meiner det er viktig å passe på at dei pengane blir hos mjølkeprodusentane.

- Det som no er føreslege er i praksis ei nedskriving av mjølkeproduksjonen på to prosent kvart år i fire år. Det kan ein oppnå med halde på dagens dyretal, men å redusere kraftforbruken. Viss ein i tillegg vel å behalde kalvane til kjøttproduksjon kan vi snakke om ein vinn-vinn-situasjon for landbruket, seier Juklestad.

- *Bondelaget meiner fire år blir for kort tid til at meieria maktar å omstille seg. Tek dei feil?*

- Vi vil få ein situasjon der meieribransjen må omstille seg. Og det kan vere at dei treng meir enn dei fire åra. Men det er eit faktum at vi importerer meir ost enn vi eksporterer, og der ligg ei utfordring for den næringa, seier Juklestad.

Samstundes minner han om det som skjedde i kjølvatnet av smørkrisa for få år sidan.

- Då var det akutt mangel på smør, men dei greidde å snu seg rundt og produsere meir. Eg trur meieria klarer å omstille seg til andre ostetypar, men kanskje treng dei meir enn fire år, seier Juklestad.

Faksimile frå Firda 10. desember 2015

> «Eg opplever det som dårleg gjort når bondelaget reknar ut kor mange buskapar som må ut og kor mange dekar som blir liggande brakk viss dette blir gjennomført. Det blir heilt feil i ein situasjon der vi må opptre ærleg.»

Magnar Juklestad i intervju med Firda om eksportstøtta til Jarlsbergosten.

TYSDAG 24. NOVEMBER 2015 Ytre Sogn

Feilslått politikk å slå saman gardar

Det er feilslått politikk å slå saman gardar til store einingar og prioritere stordrift framfor småskala jordbruk. Dette kom fram på eit fellesmøte for lokallaga i bonde- og småbrukarlaget.

Det var Hyllestad bonde- og småbrukarlag som skipa til møtet, som vart halde på Yndesdal gard i Guddal. Lokallaga frå Høyanger og Hyllestad var representerte på møtet som hadde vitjing av Ann Merete Furuberg, som er leiar i Norsk bonde- og småbrukarlag. 33 medlemmer var med på møtet.

Ungdom og rekruttering

var hovudtema for samlinga. Jordbruket har i dag ein høg gjennomsnittsalder på heile 51 år. Lønsutviklinga er dårleg og bruksstrukturen er i endring. Difor meinte møtelyden at det er feilslått politikk å slå saman gardar til store einingar og prioritere stordrift framfor småskala jordbruk.

–Det er volumet som skal skape inntekt, men Norge er ikkje eigna for «industrijordbruk». Vi produserer rein og trygg mat i dag på små einingar med lite antibiotika og sprøytemidlar. Lønsevna må opp og her har faglaga ei stor rolle som dei må utøve på ein god måte. Dei som ønskjer å bli bønder må få lov til å overta gardar og det er med ordninga «førtidspensjon» moglegheit for at dei eldre kan overlate garden tidlegare enn det som har vore vanleg. Dei kan halde fram som avløysarar på garden eller ta andre jobbar i tillegg. Vi må snakke positivt om jordbruket slik at det skaper interesse, uttalar medlemsmøtet.

Prosjekt

Bonde- og småbrukarlaget (NBS) har saman med Felleskjøpet, bygdeungdomslaget og natur og ungdom eit prosjekt som fremjar ungdom si interesse for landbruk. På landsmøte i NBS har fylkeslaga rett på ein ungdomsutsending frå kvart fylke. Her kan dei treffe andre og utveksle meiningar. Det blir og skipa til odelssamlingar for ungdom under 35 år.

–Framtida for matproduksjon er nettopp på små og mellomstore bruk. Det gir frisk og sunn mat. Dette er ungdommen oppteken av og då må vi følgje opp.

Driftsvansketilskot

passar vår natur og produksjon. Dette vil regjeringa ta bort medan Austerrike og Sveits, som har liknande geografi som Norge, styrkjer sitt landbruk med nettopp driftsvansketilskot.

Det blir ofte snakka om sjølvforsyning og at kvart land må produsere sin eigen mat. Norge ligg i dag på under 40 prosent, nærmare 35 dersom vi tek med import av soya, kraftfôr og matkorn.

Stor produksjon

Verkemidla i dag er styrt til stor produksjon, kvantitet framfor kvalitet og helsekost. Tilskot som er viktig mellom anna for Sogn og Fjordane har blitt kutta og tilført andre stader til dømes kultur- og landskapstilskot. Sogn og Fjordane fekk 4,4 millionar kroner mindre, Hordaland 2,6 millionar kroner. Akershus er tilført heile 11 millionar kroner i pluss, Østfold åtte millionar kroner, Vestfold seks millionar kroner og Rogaland fire millionar kroner.

Totalramma er ikkje auka, difor må nokon få mindre, uttalar medlemsmøtet.

Må brukast

Nestleiar i fylkeslaget, Torbjørg Grimsbø Eskeland var oppteken av å få rekruttert ungdom inn i næringa. Det er midlar rekrutteringsutvalet rår over på fylket, og dei må ein nytte seg av. Ved Mo og Øyrane vidaregåande skular i Førde og Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland er utdanning med ulike interesser for ungdom og kurs for eldre som vil ha påfyll.

Det er feilslått politikk å slå saman gardar til store einingar, meiner deltakarane på medlemsmøtet til bonde- og småbrukarlaget. (Foto: Privat)

Seks nye medlemmer i Hyllestad bonde- og småbrukarlag

Av årsmeldinga til Hyllestad bonde- og småbrukarlag går det fram at dei har fått seks nye medlemmer siste året.

Medlemstalet er no 35. Det gleda årsmøtet, som vart halde 14. november, at ein no har fått tilført yngre medlemmer.

Laget har i meldingsåret mellom anna gjeve uttale om framtida til landbrukskontoret i kommunen som var føreslege lagd til Askvoll. Det blir verande i Hyllestad. Ein har engasjert seg i saka om at forskningsstasjonen på Fureneset var nedleggingstruga frå departementet. No har ein fått lovnad om vidare drift.

Det vart også halde studieringar framfor jordbrukstingingane.

Britt Inger Skaar vart alttvald som leiar. Dei andre i styret er Merete Myromslien, Asbjørn Høydal, Atle Høydal og Knut Bøyum.

Varamedlemmer: Harald Dale, Randi Fretland, Håkon Tveito.

«Ei flott oppleving oppå fjellet, med utsikt vidt over. Sauene var komne der også, så vi var midt i smørauget.»

Ester Løvland, leiar i Gloppen BS

«Vi produserer rein og trygg mat i dag på små einingar med lite antibiotika og sprøytemidlar. Lønsevna må opp og her har faglaga ei stor rolle som dei må utøve på ein god måte.»

Frå medlemsmøtet i Hyllestad.

Faksimile frå Ytre Sogn 24. november 2015

Faksimile frå Fjordingen 28. juli 2015

Bonde- og småbrukarlag med støylstreff på Utvikfjellet

Folk frå både Stryn, Jølster og Gloppen møtte fram då Gloppen bonde- og småbrukarlag inviterte til tur til Fløløstøylen på Utvikfjellet.

Gunnhild Sindre
gunnhild.sindre@fjordingen.no

Trass i dårlege meldingar hadde bonde- og småbrukarlaget bestemt seg for å ta turen. Men då deltakarane samla seg på parkeringsplassen, snudde veret og baud på opplett for heile arrangementet.

Fagleg innhald

Støylssamlinga baud på mykje fagleg innhald.

- Magnar Juklestad snakka om aktuell landbrukspolitikk. Mellom anna om rovdyrpolitikken, der det har vore mykje tap av sau på grunn av ulv, jerv og ørn og rev. Det var mange spørsmål, og Magnar svara kyndig, fortel Ester Løvland, som er leiar i Gloppen bonde- og småbrukarlag.

Spela og fortalde

Bonde og småbrukar Arne M. Sølvberg frå Fjelli deltok på turen og hadde med seg sine mange instrument.

Han spela og fortalde, mellom anna om Gabriel Reed og Ludvik Eikås.

Etter kvart vart det grilling og servering av kaffi og sveler.

Diskutere og utveksle erfaringar

- Ei flott oppleving oppå fjellet, med utsikt vidt over. Sauene var komne der også, så vi var midt i smørauget, seier Ester Løvland.

Støylstreffet var ein fin måte å treffast på for å kunne diskutere og utveksle erfaringar seg imellom, seier deltakarane.

- Ein fin tur med fint ver og godt vertskap på støylen. Dette gjer vi gjerne om att, seier bonde- og småbrukarlagsleiar i Gloppen, Ester Løvland.

Fylkessekretæren har ordet

Eitt år i jobben som fylkessekretær vil eg gjerne komme med nokre betraktningar

EG GJEKK inn i denne jobben utan å vite noko om NBS, søkte på ei interessant stilling og fekk den.

DETTE ÅRET har lært meg mykje. Etter å ha delteke på møte i lokallaga og på landsbasis, ser eg at her er det mange som brenn for dei verdiane NBS står for, som jobbar seint og tidleg, deltek på møte med politikarar og andre organisasjonar - fordi dei vil vere med å gjere ein forskjell! Og det er viktig. Alt for mange i dagens samfunn engasjerer seg lite for våre felles verdiar. Har vi fått det for godt her i landet? Trur vi at alt kan kjøpast for pengar? Er det berre å ture fram med miljøødeleggande landbruk, import og sentralisering - utan å tenke på konsekvensane?

TRU IKKJE at vi har komme dit vi er i dag hadde det ikkje vore for dei som har stått på barrikadane og kjempa for oss! Dette gjeld både kvinnesak, arbeidarrettar, velferd og landbruk m.m.

NBS HAR alle dei gode verdiane eg tenker er viktige for land og folk både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Men vi må bli synlegare! Og det er heldigvis på gang. Som t.d. i "Aksjon ny landbrukspolitikk" vedteke på vårt LM 2015. M.a. gjennom møte der våre engasjerte og dyktige leiarar og støttespelarar når ut i media og vert tekne på alvor blant politikarar og folk flest. Engasjement som når ut til forbrukarar og får oss til å tenke over kva mat vi puttar i munnen, dyrevelferd, sjølvberging og import.

VER STOLTE over å vere med i ein organisasjon som står for og jobbar for våre felles gode, og at bøndene, både små og store - på lik linje med dei som jobbar innan andre yrkesgrupper i "verdas rikaste land" også skal kunne leve av jobben dei gjer, det burde vere ein selvfølge.

I DAG er det slik at dei som vil bli og er bønder blir/er det trass i landbrukspolitikken og ikkje på grunn av - det må ei endring til!

ENGASJER DEG i 2016, verv nye medlemmer, og hald liv i lokallaga!

Marit Milde
Fylkessekretær SFBS

Indre Sunnfjord Turlag

Bli med oss ut
- aktiv naturglede for alle!

Ring oss
på **04800**
– hele døgnet,
alle dager.

for Alltid åpent

DNB
Bank fra A til Å

Tørrgjødselspreiar

gafner

- **Maksimal utnytting** av sau, geit, fjørfegjødsel og talle! Direkte på eng - heile sesongen!
- **Kutter og spreier 3-20 meter!** Også ut i terreng som Ikkje er kjørbart!
- **Sprei frå veg**, opp og ned skråning og i terreng!
- **Galvanisert** – sveitsisk kvalitet!

"Gjødsla frå dei fem hønsehusa på Rovde krev effektivitet og rett utnytting! Med Gafner har vi sikra nettopp det. Ei av våre beste investeringar!"
Paul Sindre Vedeld – Rovde på Sunnmøre

Maskinsenteret

Gafnerimportør i Norge, 6856 Sogndal
Tlf. 908 80 761

www.maskinsenteret.as

SuDoku

					9			
	1	4		5			8	6
			3					
	6				8	9		7
3								
					2	4	6	
5			4			6		
								2
2		6					7	8

Mo og øyrane videregåande skule
6819 Førde

UTDANNINGSPROGRAM MO
- Vg 1 Naturbruk
- Vg 1 Naturbruk hesteretta
- Vg 2 Landbruk og gartnerinæring
- Vg 2 Heste og hovslagarfaget
- Vg 3 Landbruk og husdyrhald
- Vg 3 Studieførebuande, naturbruk

Meir om studietilboda finn du på adressa www.oyrane.vgs.no

SKULEN TILBYR OGSÅ
- Allmennfagleg påbygging
- Nettbasert agronomutdanning for vaksne
- Seminar- og møteverksemd
- Etterutdannings- og vaksenopplæringskurs.

Viss du går Vg 3 landbruk og husdyrhald får du yrkeskompetanse.
Vg 3 studieførebuande naturbruk og allmenfagleg påbygging gjev generell studiekompetanse.

Kva om noko skjer?

Hos oss får du:
- Gode vilkår og dekningar
- Trygge oppgjer
- Personleg rådgjeving

Tlf. 57 82 97 00 • ssf.no/forsikring

FrendeForsikring

RÅDGIVANDE AGRONOMAR AS

Consultative agronomists

N-6964 KORSSUND (i Sunnfjord)

Tel.: +47 57 73 77 90 Fax: +47 57 73 77 91

Tek.: +47 57 73 77 50 (p) Fax: +47 57 73 77 51 (p)

e-post: firma@raadgivande-agronomar.no

www. raadgivande-agronomar.no

Kalk • Gjødsel • Landbruk • Plantar og miljø • Leplanting • Analyser jord/drikkevatn/naturvatn/plantar/fôr/orgainiske forureiningar • Fiske- og skjelloppdrett • Ferskvassfisk • Viltforvaltning • Miljøvern • Geologi

FORSKNING • RÅDGIVING • LABORATORIUM – YST I HAVET
Vi dekkar dei fleste kjemiske og fysiske analyser, og tar oppdrag på fleire fagområde i samarbeid med andre forskningsmiljø.
Til teneste for primærnæringar og miljø.

SOGN OG FJORDANE
BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Grafisk produksjon: Gunnar-Arne Haaland. **Trykk:** Ingvald Husabø Prenteverk AS, Leikanger